

ARKEOLOGISK REGISTRERINGSRAPPORT

Med funn av automatisk freda kulturminne

2024/8324 (2022/62486) Tunborg

Sarpsborg kommune

Jan Berge 2024





ØSTFOLD
FYLKESKOMMUNE

Saksnummer og namn:	24/8324 (22/62486) Reguleringsplan for Tunborg	
Kommune:	Sarpsborg	
Gardsnamn - gnr./bnr.:	Tunborg – 2049/2	
Oppdragsgjevar:	Dark arkitekter AS	
Feltarbeider:	Jan Berge og Morten Bertheussen	
Sakshandsamar:	Tryggve Csisar	
Registreringsperiode:	10.07-21.09.23	
FAGLEGE KONKLUSJONER:		ASKELOADEN ID:
☐	Ingen funn:	
☒	Funn av automatisk freda kulturminne:	301379, 301380, 301381
☐	Lausfunn – ikkje automatisk freda:	
☐	Utvida registrering - utgraven:	
☐	Frå før av kjente kulturminne:	
Stikkord:	Gravrøys, flint, kulturlag, steinalder, bronsealder.	

Framsida: Maskinell sjaking i området rett aust for gamle Husqvarna-bygget. Sett mot sørvest.



Plassering av planområdet i Østfold fylke.

Innhald

Bakgrunn for registreringa	4
Samandrag	4
Deltakrar og tidsrom	5
Områdeskildring	5
Kulturminne i nærområdet	6
Metode	7
Overflatesøk	7
Prøvestikking	7
Maskinell sjakting	7
Undersøkinga	8
ID301381 Gravrøys	8
ID301380 Aktivitetsområde frå steinalder	9
ID301379 Aktivitetsområde frå steinalder og bronsealder	13
Kommentarar	25
Vedlegg	26




Planområdet plassert i Sarpsborg kommune.

Bakgrunn for registreringa

Det er varsla ein detaljreguleringsplan for Tunborg i Sarpsborg kommune. Ut i frå nærleiken til kjente kulturminne og topografien i området, fann fylkeskommunen det naudsynt med ei arkeologisk registrering i området, før det kunne gjevast ei endeleg fråsegn i saka jf. kulturminnelovas § 9.

Samandrag

Det vart funne tre automatisk freda kulturminnelokalitetar ved den arkeologiske registreringa i 2023. Det er snakk om ei gravrøys og to lokalitetar frå steinalder og bronsealder.



Kart over plangrense og nyregistrerte lokalitetar.

Lokalitetar funne på registreringa:						
ID-nr. ¹	Kulturminnetype	Vern	Skildring	Datering	Gnr./namn	Areal m ²
301379	Aktivitetssområde	Aut. freda	Flint og kulturlag	SN-EB	2049/2 Tunborg	8970
301380	Aktivitetssområde	Aut. freda	Flint i prøvestikk	STA	2049/2 Tunborg	1573
301381	Gravminne	Aut. freda	Gravrøys	BA-EJA	2049/2 Tunborg	51

Deltakarar og tidsrom

Undersøkinga vart utført av arkeologane Morten Bertheussen og Jan Berge, frå dåverande Viken fylkeskommune. Maskinførar var Ole Laurits Berger, frå Berger og Bro Anlegg AS.

Feltarbeidet vart gjennomført frå juli til september 2023.

Områdeskildring

Planområdet ligg rett nordvest for Sarpsborg sentrum, i sørvestre ende av Tunevannet. Nærområdet er prega av mykje busetnad og infrastruktur i sør, med meir dyrka mark og skogkledde åsryggar i nord. Vassdraga Glomma, Tunevannet og Vestvannet, nord for Østfoldraet, er også framståande trekk i landskapet.

Sjølve planområdet er i stor grad utbygd. Industribygningane til gamle Husqvarna er sentrale. Sør for desse er ein stor parkeringsplass og ein fotballbane. Det er klart at dette området er sterkt påverka av den moderne aktiviteten. Parkeringsplassen ligg plassert høgare i terrenget enn fotballbanen, på ein kunstig måte. Det var vanskeleg å sjå om det er fotballbanen som er grave ned i terrenget, eller parkeringsplassen som er bygd opp.

Partiet aust i planområdet, mellom Husqvarna-bygget og Tunevannet, er del av ein skogkledd bergrygg. Det er ein del jordsmonn i sørenden av partiet her. Dette var også den delen av planområdet som hadde størst potensiale for funn av kulturminne.

Delar av dette området er i sør sterkt påverka av moderne verksemd. Det står fram som ei nokolunde flat slette, med ein del spreidd vegetasjon. Ein ser alt i overflata at det er noko som skurrar her, i høve til vanleg skogsbotn og vegetasjon. Då vi sjakta i området, fann vi at denne sørlege flata består av mykje påfylt masse. Frå vasskanten er det nærare 30 meter inn til nokolunde urørt jordsmonn. Den påfylte massen består i stor grad av jord, stein, leire og skrot (i form av diverse plank etc.). Tjukklikeken varierer. Det meste vi målte var 85 cm, før det vart så djupt at vi ikkje såg hensikta med å grave lengre ned i det. Laget byrjar i

¹ ID-nr. i riksantikvarens kulturminnedatabase «Askeladden» www.kulturminnesok.no


nord-nordvest, og vert tjukkare etter kvart som vi går sørover mot vatnet. Ein ser i strandkanten at denne er kunstig oppbygd med mykje stein og diverse masser.

Vår teori er at det opphavelige terrenget i denne delen av planområdet truleg har vore våtmarksområde ala det vi ser sør for Trøskenveien 14. Fyllmassen kjem moglegvis frå tomte til Husqvarna-bygget.

Kulturminne i nærområdet

Toppen av Østfold-raet er særdeles rikt på kulturminne. I området nærast 180° sør for Tunevannet, har vi dei kjente gravfelta på Opstad, Tune, Bjørnstad, Grålum og Valaskjold. I tillegg er det, særleg dei seinare åra, funne fleire busetnadslokalitetar frå ymse periodar av førhistoria. Nord for planområdet ligg funna meir spreidd, men rett i nærleiken har vi både gravminne og ei bygdeborg.

Det var ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor sjølve planområdet frå før.



Nærliggande kulturminne.

Metode

Av arkeologiske registreringsmetodar, er det i sær tre hovudtypar arkeologane i fylkeskommunen nyttar seg av – overflatesøk, prøvestikking og maskinell sjakting. I denne undersøkinga vart alle tre metodane teke i bruk.

Overflatesøk

Visuelt overflatesøk gjeng enkelt ut på å gå systematisk rundt i terrenget, og sjå etter kulturminne som er synleg på markoverflata. Dette kan vere gravhaugar, kolgroper, fangstgraver, rydningsrøyser etc. Området vert samstundes skanna for nytteverdet i å bruke ein av dei andre søkemetodane – i sær potensialet for funn ved hjelp av prøvestikking.

Prøvestikking

Prøvestikking gjeng ut på at vi med spade grev mindre prøveruter, om lag 40x40 cm, ned til vi støyter på berg eller steril undergrunnsmasse. Massane i prøvestikket vert sålda gjennom eit handhalde såld med 5 mm masker. Kan vi nytte vatn til dette er det å føretrekke. Nokre prøvestikk vart sålda i Tunevannet, medan andre var lette nok å tørrsålde. Det er hovudsakleg kulturspor frå steinalder vi vil påvise med denne metoden, t.d. i form av tilverka flint og andre bergartar.

Maskinell sjakting

Maskinell sjakting er den vanlegaste metoden arkeologane nyttar på dyrka mark. Vi opnar opp sjakter på om lag 3 m breidde med gravemaskin med flatt skjer på grabben, og fjernar matjordlaget til vi kjem ned til undergrunnen. Denne vert reinsa fram med krafse og graveskei etter kvart der dette er naudsynt. Eventuelle førhistoriske strukturar, som kokegroper, stolpehol, graver etc., vil vise seg som fyllskifte i undergrunnen. No var det ikkje direkte dyrka mark vi sjakta her, men glissen skog. Difor vart sjaktene generelt meir sporadiske og smalare enn normalen.

Som dokumentasjon vart det teke digitale foto. Sjaktene, prøvestikka og kulturlaget vart målt inn med CPOS. Kartgrunnlag for innmålingane er ETRS 1989 UTM Zone 32N.

Undersøkinga

Den arkeologiske undersøkinga føregjekk metodevis som nemnt ovanfor – med overflatesøk, prøvestikking og til slutt maskinell sjakting.


ID301381 Gravrøys

Heilt nord i planområdet, kom vi under overflatesøket over det vi tolkar som ei gravrøys. Røysa ligg høgt i terrenget, på ein avsats 60 moh, med god utsikt særleg austover mot Tunevannet. Ein tursti går over austre del av røysa, sjølv om det på kartet ser ut som den snittar borti vestre del. Røysa er ca. 9,5 x 7 meter i omkrins og 0,3 - 0,5 meter høg. Den er noko utrast. Det er likevel litt underleg at den har heldt fram med å vere «uoppdaga» fram til no. Røysa er ikkje vanskeleg å få auge på, og plasseringa er heilt etter boka. Den er truleg frå bronsealder eller eldre jernalder.

Heile røysa er innafor planen, men plangrensa kryssar sikringssona.



Gravrøysa ID301381 sett mot sørvest.



Kart over ID301380 og 301381.

ID301380 Aktivitetsområde frå steinalder

Berre 30 meter aust for gravrøysa påviste vi, med tre funnførande prøvestikk, eit aktivitetsområde frå steinalder.

Lokaliteten ligg på ei svakt skrånande flate ned mot Tunevannet i aust, der terrenget stikk ørlite ut i vatnet. Litt for lite til at vi kan kalle det eit nes eller ein odde kanskje. Likevel har denne vesle, topografiske tappen fått namnet Abborberget på kartet.

I prøvestikka viste jordsmonnet seg å vere ein klassisk podsolprofil. Funna ligg på rundt 15-30 cm djupn, i toppen av, og noko nedi anrikingslaget.

Til saman fann vi 10 avslag av flint i prøvestikka, der P15 skilde seg ut med heile 8 av dei.

Alle dei funnførande prøvestikka er innanfor plangrensa, men vi har strekt sjølve lokalitetsgeometrien litt utanfor i nord. Avgrensinga er basert på topografien og 8 negative prøvestikk. I aust har vi som nemnt Tunevannet, og eit siste bratt parti ned mot dette. I vest stig berget oppetter. I nord og sør smalnar terrenget inn. Det vert til bratt berg som går rett ned i vatnet. Vi hadde for så vidt meir å gå på i nord, men med to negative prøvestikk utanfor planområdet her, var det dags å sette sluttstrek.



Profilane av P15 og P16 sett mot sør, profilen av P17 sett mot vest.

Prøvestikklister ID301380:

Nr:	Skildring:
15	48 cm djup - podsol, med 7 cm torv, 7 cm utvaskingslag, 25 cm anrikingslag. Ljos grågul sand i botn. 8 avslag av flint. Funne på ca. 15-30 cm djupn, frå botnen av utvaskingslaget til ned i anrikingslaget.
16	45 cm djup - podsol, med 9 cm torv, 7 cm utvaskingslag, 22 cm anrikingslag. Ljos grågul sand i botn. 1 avslag av flint. Funne på ca. 20-30 cm djupn, i anrikingslaget.
17	45 cm djup - podsol, med 8 cm torv, 10 cm utvaskingslag, 20 cm anrikingslag. 1 avslag av flint. Funne på ca. 15-30 cm, i utvaskingslaget eller anrikingslaget.



Flintfunna frå P15.

Dateringa er noko usikker. Funna ligg på ca. 45 moh. Sidan vi er ved eit innlandsvatn, der vasslinja har stått stille på 40 moh dei siste 6500 år, kan vi ikkje ukritisk nytte den vanlege strandlinjedateringa vår på denne lokaliteten.



ID301380, med P15 i venstre hjørne og P16 i bakgrunnen. Vi skimtar Tunevannet i bakkant. Sett mot nord.

Det er fysisk mogleg at lokaliteten er strandbunden etter havnivået. Hever vi dette til ca. 42 moh, klarer ikkje havet å kome inn hit over raet ved Tune kyrkje. Det kan kanskje kome inn frå vest ved Stinteveien, men det kan sikkert kome inn opp mot nordenden av Tunevannet – frå vest og gjennom dagens Stenbekken, rett sør for Hollebyveien. Då er vi i tilfelle attende til rundt tidsrommet ca. 4700-4800 fvt.

Ein annan måte å datere steinalder på, er gjennom typologi. Ein har visse leieartefaktar i steinteknologien ein kan nytte, t.d. øksetyper, pilspisser, flekketeknikk etc. Denne type teknologi og artefaktar endrar seg over tid. Slike leieartefaktar hadde vi diverre ikkje i dei tre prøvestikka.

Difor klarer vi førebels berre å datere ID301380 innafor ein lang periode på ca. 3000 år - frå den seinmesolittiske Nøstvetøkssfasen, til seinneolitikum og tidleg bronsealder.



ID301380, med P16 sentralt i bildet, P15 skrått til høyre i bakgrunnen. Vi skimtar Tunevannet gjennom trea. Sett mot sør-søraust.



ID301380, med P17 sentralt i bildet. Vi skimtar det bratte berget i bakkant. Sett mot nord.



ID301380, med P17 i forkant av bildet. Vi skimtar Tunevannet mellom trea. Morten returnerer frå vassålding i sjøen, eit av dei fire negative prøvestikka vi har i den delen av flata.

ID301379 Aktivitetsområde frå steinalder og bronsealder

I området aust-søraust for Husqvarna-bygget er det ei større flate med ein del jordsmonn. Dette området såg veldig potent ut for å gjere funn av førreformatoriske spor, både i form av steinalder og yngre periodar.

Vi starta med prøvestikking, og det var direkte treff på fyrste forsøk. Til saman hadde vi 14 funnførande prøvestikk innanfor lokaliteten. Det mest gjevande stikket hadde 11 avslag av flint. Til saman vart det funne 61 avslag og flekkefragment, inkludert to lausfunn i sjakter.

Prøvestikklister ID301379:

Nr:	Skildring:
1	60 cm djup – podsol. 6 avslag av flint, funne på 18-50 cm djupn, i overgangen utvaskingslag/anrikingslag, og eit stykke ned i anrikingslaget.
2	50 cm djup – podsol. 3 avslag av flint, funne i overgangen utvaskingslag/anrikingslag, og eit stykke ned i anrikingslaget, på ca. 15-35 cm djupn.
3	55 cm djup – podsol. 6 avslag av flint, funne i anrikingslaget, på ca. 25-45 cm djupn.
4	45 cm djup – podsol. 7 avslag av flint, funne i anrikingslaget, på ca. 20-35 cm djupn.

5	40 cm djup – 20 cm torv, 20 cm kulturlag. 1 lite avslag av flint, funne på ca. 20 cm djupn, i toppen av kulturlaget.
6	47 cm djup - 23 cm mørk gråbrun matjord, 18 cm ljøsare gråbrun, humushaldig sand, ispeidd raudgult anrikingslag. 7 avslag av flint, frå toppen av matjordlaget til nedi anrikingslaget – ca. 15-40 cm.
7	56 cm djup - lik P6. 25 cm matjord, 30 cm blanding av kulturlag og anrikingslag. Ljos gulgrå sand i botn. 10 avslag av flint, frå toppen og heile vegen til botn.
8	60 cm djup - øvst eit påfylt 24 cm grått jordlag, over 18 cm med same matjordlaget som var i toppen av P5-7. Under dette, det same blanda kulturlag og anrikingslaget vi såg i P5-7, rundt 13 cm tjukt. Ljos gulgrå sand i botn. 1 flekkefragment av flint, funne på ca. 30 cm djupn, i matjordlaget.
9	67 cm djupt - lik P8, med påfylt jordlag på ca. 25 cm, over eit 20 cm tjukt lag med eldre matjordlag. Kulturlaget/anrikingslaget under dette er 17 cm tjukt. Ljos grågul sand i botn. 1 mikroflekkefragment, funne på ca. 30 cm, i matjordlaget.
10	46 cm djupt - 12 cm svært sandblanda torv, 20 cm gråbrunt kulturlag, ljøs gulgrå sand i botn. 1 avslag av flint, funne på ca. 25 cm djupn, i kulturlaget.
11	63 cm djupt - 7 cm grastorv, 14 cm påfylt omrota leire, 21 cm matjordlag, 20 cm kulturlag, gulgrå sand i botn. 11 avslag av flint, funne i matjordlaget og kulturlaget, frå ca. 30 cm og nesten til botnen.
12	50 cm djupt - 16 cm torv, 12 cm matjordlag, 16 cm kulturlag. Ljos gulgrå sand i botn. 1 avslag av flint, funne i matjordlaget på ca. 25 cm djupn.
13	47 cm djupt - 10 cm torv, 10 cm matjordlag, 15 cm kulturlag. Ljos gulgrå sand i botn. 2 avslag av flint, funne i kulturlaget, på ca. 25-40 cm djupn.
14	49-54 cm djup - 12 cm torv, 17 cm kulturlag, 4 cm ljøs gul sand, 15 cm svart trekol med skjørbrønt stein. Ljos gulgrå silt i botn. 2 avslag av flint, funne i kulturlaget og det ljøse sandlaget. I botn ligg ei kokegrop, datert til bronsealder.




Profilen av P1 og P4. Begge sett mot nord.

Hadde vi ikkje gjort funn i prøvestikka, hadde store delar av flata blitt undersøkt med maskinell sjaktning. Slik stoda var etter prøvestikkinga, såg vi ingen grunn til å forstyrre steinalderlokaliteten meir enn naudsynt. Difor grov vi berre nokre korte sjakter sør for dei funnførande prøvestikka.



Profilen av P6, sett mot vest-nordvest, P10, sett mot nordvest og P14, sett mot nordaust.



Flintfunna frå P1.

Som nemnt i områdeskildringa, så viste det seg at store delar av dette området bestod av påfylte masser. Terrenget står fram som flatare no, enn det var opphavelleg. I sjaktene fann vi ut at terrenget har søkkt bratt ned rett etter 42 moh-nivået.



Flintfunna frå P3.




Flintfunna frå P6.



Flintfunna frå P11.

I overgangen mellom det naturlege nivået og fallet i det opphævelege terrenget, ligg eit fossilt dyrkingslag. Det varierer i tjukkleik, frå si spede byrjing i nord, til opp mot 25-30 cm i dei brattaste partia i sør. Snittet verkar å vere på rundt 15 cm på flatmark. Det er klare ardspor i botnen fleire stadar.

Fem sjakter vart nummerert – der fyrste hadde eit lausfunn av flint. Dei andre er nummerert av di dei inneheldt spor av kulturlaget. Kulturlaget er difor nummerert som anleggsspor 1-4.



Kart over ID301379, med prøvestikk, sjakter og kulturlaget, grovt rekonstruert etter slik det var synleg i sjakter og prøvestikk.

Når det kjem til datering av lokaliteten, har vi litt å gå på. Som ved ID301380, er problematikken med lokalitetar plassert ved innsjøar, ikkje rett fram.

Flintfunna ligg frå 42-49 moh. Om lokaliteten er ein klassisk strandbunden eldre steinalder-type, noko den teknisk sett kan vere, er vi attende til ca. 4600-4700 fvt. og den seinmesolittiske Nøstvetøksfasen.

Ut i frå mengda flint og den høvesvis store spreinga, var arbeidshypotesen i felt at lokaliteten var yngre – i alle fall store delar av den (vi kan sjølvsagt ikkje utelukka at nokre av flintfunna representerer ein eldre, strandbunden lokalitet). Det er fort å tenke neolittisk datering – yngre steinalder. Støtte for dette fekk vi då også i C14-dateringa av kulturlaget. Prøva frå A4 i sjakt 5, vart radiologisk datert til tidsrommet 1882-1689 fvt. Då er vi attende til seinneolitikum, populært også kalla klokkebegerkulturen og dolktid - ein fin match for flintfunna.

Vi sendte også ei C14-prøve frå kokegropa i P14 til datering. Denne viste seg å vere fleire hundre år yngre - frå tidsrommet 1265-1053 fvt. – Periode III og siste del av eldre bronsealder. Dette er også ein periode der flint framleis var blant dei viktigaste reiskapsmateriala.



Nordre del av sjakt 4. Her er kulturlaget reinsa fram i plan i venstre del av sjakta, medan ardspora i botn er reinsa fram i høgre del. I enden av sjakta ser vi det påfylte laget i form av grå leire. Sett mot nordvest.



Profilen av same parti i S4 som biletet ovanfor. Sett mot nordaust.



Sjakt 4. Her ser vi klart skiljet når terrenget byrjar skråne nedover, og dei påfylte massane står for utjamninga av terrenget. Sett mot nordvest.



Her har vi grave oss djupare ned i sørleg ende av S4. Vi ser klart korleis undergrunnen skrånar bra nedetter i botn, og korleis dei påfylte massane vert stadig tjukkare. Under dei påfylte massane er profilane av det eg har tolka som gamal markoverflate, anrikingslag og kulturlaget i botn. Sett mot aust.



Same profil i sørenden av S4. Det svarte laget i botn er kulturlaget. Det mørke laget under dei grå påfyllingsmassane, er truleg den gamle markoverflata. Det brunaktige laget i mellom dei to mørke, er noko usikkert. Det kan vere eit anrikingslag, som har akkumulert seg over kulturlaget etter dette vart lagt brakk. Sett mot nordaust.



Sjakt 5. Kulturlaget er ganske tynt i det flate partiet i nord. Maskina står der terrenget byrjar skråne bratt nedetter og vi stogga sjakta. Den gjenfylte sjakt 4 er synleg mellom trea i venstre del av biletet. Tunevannet godt synleg i bakgrunnen. Sett mot søraust.



Sørenden av S5. Her støytte vi på stubben etter eit svært tre som har stått her får påfyllinga av skrotmassane. Fuktig var det au. Kulturlaget forsvinn nedi holet, så det er ei uvisse kor langt søretter det eigentleg kan strekke seg. Sett mot søraust.



Profilen i S5, reinsa opp eit lite stykke før terrenget byrjar skråne nedetter. Ei C14-prøve herifrå, daterte kulturlaget til seinneolitikum. Sett mot nordaust.

Hypotetisk sett kan vi altså ha eit rimeleg langt tidsspenn på ID301379 – frå 4700 fvt. og seinmesolitikum, til ca. 1000 fvt. og bronsealder. Hadde vi sjakta meir, hadde vi garantert treft på fleire strukturar. Ei kokegrop har vi alt i prøvestikk, så desse er det svært truleg fleire av. I tillegg er det absolutt plass og terreng for busetnadsspor i form av stolpehol etc. etter huskonstruksjonar. Eventuelle slike funn kan sjølvstøtt vere endå yngre enn det vi har påvist no.


Anleggsliste ID301379:			
Nr:	ID:	Type:	Skildring:
1	301379-15	Kulturlag	S2 – ca. 7 cm tjukt.
2	301379-16	Kulturlag	S3 – ca. 15 cm tjukt. Sjaktkanten er rundt 100 cm totalt, derav 20 cm torvlag med grå grus. Påfyllingsmassen er spetta grå og gul sand, og grå leire. Totalt ca. 35-40 cm tjukt. Under dette har vi ein 20 cm tjukk profil av grå, torvaktig humushaldig sand. Truleg markoverflata før påfyllinga. Under dette har vi eit 6 cm tjukt lag med brunaktig humushaldig sand med spreidde trekolbitar. Under dette, over undergrunnen, ligg kulturlaget. Dette er gråsvart av trekol.
3	301379-17	Kulturlag	S4 – klare ardspar i nordleg ende av sjakta. Sjaktkanten er her ca. 65 cm tjukk. Dei øvste 30 cm er torv og påfylt masse. Så har vi ein 20 cm tjukk mørk grå torvhorisont – truleg markoverflata før påfyllinga. Kulturlaget er ca. 15 cm tjukt i nord-nordvestre del av sjakta, oppe ved ardspara. Her tok vi ut ei C14-prøve. I sørleg del søkk det opphavelege terrenget bratt nedetter. Her reinsa vi opp eit 160 cm langt parti for dokumentasjon. I NV-del er det 80 cm tjukt, derav 40 cm torv og påfylt masse. Den gamle markoverflata er på 15 cm, som ein mørk grå torvhorisont. Mellom dette laget og kulturlaget, er eit brunt sandlag på ca. 8 cm tjukkeleik. Usikker på kva dette representerer. Kanskje eit anrikingslag frå tida etter kulturlaget vart forlate? Kulturlaget er 15 cm tjukt. I søraustre del av det oppreinsa området, er sjaktkanten oppe i 130 cm tjukkeleik. Det påfylte laget er på 75 cm og vert stadig tjukkare søraustover. Resten av laga held seg nokolunde uendra, med eit 20 cm tjukt kulturlag. Funn av eit flintavslag under oppreins.
4	301379-18	Kulturlag	S5 – Sjakta går fyrst rett nord-sør, men rundt halvvegs knekk den mot søraust. I dette området vart profilen reinsa i ei lengd av ca. 80 cm. Vi har ardspar i botnen av kulturlaget her òg. Vi tok også ut ei C14-prøve her. Den påfylte massen er 46-56 cm tjukk. Torvhorisonten tolka som den gamle markoverflata, er ca. 15 cm tjukk. Kulturlaget verkar litt gråare i fargen her, enn i dei andre sjaktene. Det er også berre 9 cm tjukt i botnen. Laget over, som kan vere eit anrikingslag, er berre som tynne, opptil 4 cm tjukke linser. I sør stupar terrenget nedetter som i dei andre sjaktene, og kulturlaget fylgjer på ned i djupet.



ID301379 – i høyre kant ligg P5. P1-4 ligg på rad og rekke til høyre for stien, bak bilen. Sett mot nordaust.




Den sentrale delen av ID301379 – innanfor ramma her ligg alle dei funnførande prøvestikka P5-12. Sett mot vest-sørvest.



Dersom nokon av flintfunna representerer funn frå eldre steinalder – slik ville kartet sett ut for rundt 6800 år sidan. Havnivået er ca. 42 meter høgare enn i dag. Tunevannet er ikkje veldig ulikt slik vi kjenner det. Havet har akkurat trekt seg attende framfor raet ved Tune kyrkje. Det kan likevel kome seg inn i Tunevannet langs Visterflo, så dagens Ågårdselva ved Solli og gjennom Stenbekken frå Vestvannet.

Kommentarar

Sluttsituasjonen etter det arkeologiske feltarbeidet på Tunborg, er då tre nyregistrerte lokalitetar. Tidsspennet er stort, frå moglegvis eldre steinalder og fram til kanskje eldre jernalder. Arealmessig dekker lokalitetane ein del, til saman nesten 10 600 m². Dette tilsvarar ein monaleg god del aust i planområdet. Så å seie alt av lokalitetane høyrer til skogspartiet mellom Husqvarna-bygget og Tunevannet.



Oversiktskart over alle sjakter, prøvestikk og lokalitetar.

23.02.2024

Feltarkeolog

Vedlegg

Funnliste

Funnliste:				
F.nr:	ID:	Gard gbnr:	Skildring:	Dato/init.
1	301379-1	Tunborg 2049/2	6 avslag av flint, funne i overgangen utvaskingslag/anrikingslag og godt nede i anrikingslaget, ca. 18-50 cm, i P1.	11.07.23/MB
2	301379-2	Tunborg 2049/2	3 avslag av flint, funne i overgangen utvaskingslag/anrikingslag, og eit stykke ned i anrikingslaget, på ca. 15-35 cm djupn, i P2.	11.07.23/MB
3	301379-3	Tunborg 2049/2	6 avslag av flint, funne i anrikingslaget, på ca. 25-45 cm djupn, i P3.	11.07.23/MB
4	301379-4	Tunborg 2049/2	7 avslag av flint, funne i anrikingslaget, på ca. 20-35 cm djupn, i P4.	11.07.23/MB
5	301379-5	Tunborg 2049/2	1 lite avslag av flint, funne på ca. 20 cm djupn, i toppen av eit brunt kulturlag, i P5.	12.07.23/MB
6	301379-6	Tunborg 2049/2	7 avslag av flint, funne frå 15-40 cm i P6.	03.08.23/MB
7	301379-7	Tunborg 2049/2	10 avslag av flint. Funne i frå topp til botn – 5-55 cm – i P7.	03.08.23/MB
8	301379-8	Tunborg 2049/2	1 flekkefragment av flint. Funne på ca. 30 cm djupn, i P8.	03.08.23/MB
9	301379-9	Tunborg 2049/2	1 mikroflekkfragment av flint. Funne på ca. 30 cm djupn, i P9.	03.08.23/MB
10	301379-10	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint. Funne på ca. 25 cm djupn, i P10.	04.08.23/MB
11	301379-11	Tunborg 2049/2	11 avslag av flint. Funne på ca. 30-60 cm, i P11.	04.08.23/JB
12	301379-12	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint. Funne på ca. 25 cm djupn, i P12.	04.08.23/MB
13	301379-13	Tunborg 2049/2	2 avslag av flint. Funne på ca. 25-40 cm djupn, i P13.	04.08.23/MB
14	301379-14	Tunborg 2049/2	2 avslag av flint og ei kokegrop frå bronsealder. Funne på ca. 25-35 cm djupn i P14.	04.08.23/MB
15	301380-1	Tunborg 2049/2	8 avslag av flint. Funne på ca. 12-30 cm djupn i P15.	09.08.23/MB
16	301380-2	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint. Funne på ca. 20-30 cm djupn i P16.	09.08.23/JB
17	301380-3	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint. Funne på ca. 15-30 cm djupn i P17.	09.08.23/MB
18	301379-15	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint, med cortex og bruksspor. Funne under oppreins i sjakt 1.	19.09.23/JB
19	301379-19	Tunborg 2049/2	1 avslag av flint. Funne under oppreins av vestre del av kulturlaget A3 i sjakt 4.	21.09.23/JB

